



Arkivnr: 2014/17340-20

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld og Hanne Espe

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.02.2014

## FORDELING AV MIDLAR LØYVD TIL FRILUFTSLIVETS ÅR 2015

#### Samandrag

I samband med Friluftslivets år 2015 (FÅ15) vart det i Fylkestinget 9. og 10. desember 2014 vedteke å løyve kr 400.000 til dette arbeidet i Hordaland: *Friluftslivets år feires i 2015. Det er naturlig med en fylkeskommunal medvirkning til markering av året i et folkehelseperspektiv.*

FÅ15 er forankra i Regional kulturplan 2015-2025: «Friluftslivets år 2015 gir ei moglegheit til å sette fokus på all den positive aktiviteten som finst rundt om i fylket. Målet er at Friluftslivets år skal gi varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga og vere med på å gi friluftslivet auka merksemd. Prioritert målgruppe er barn, unge og barnefamiliar.» Det er ei særleg satsing på nærmiljø og kulturminner.

Gjennom ei felles markering av FÅ15 i Hordaland kan vi få;  
\* fleire til å vere aktive i naturen - heile året - gjennom betre tilrettelegging  
\* auka bevisstheit om friluftslivet sine positive effektar knytt til folkehelse  
\* fokus på allemannsretten og breidda av naturkvalitetar fylket har å by på.

Fylkeskommunen har ei sentral rolle for å nå desse måla både i kraft av eigne ansvarsområder og tiltak, som inspirator og rettleiar for kommunane og som koordinator og tilretteleggar for samarbeid mellom offentlege, private og frivillige aktørar. FÅ15 er ein fin arena å invitere til samarbeid og involvering på tvers av sektorar.

Løyvinga på kr 400.000 vert sett i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar knytt til friluftsliv.

## Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen rår til følgjande fordeling av dei løyvde kr 400.000 til Friluftslivets år 2015:

Kr 200.000	Styrke den fylkeskommunale tilskotsordninga til lokale friluftstiltak i regi av lag/organisasjonar og kommunar
Kr 30.000	Premie til kåring av Hordaland sitt beste friluftsområde
Kr 40.000	Kjenn ditt landskap – digital formidling av kulturopplevingar
Kr 60.000	Krigsminner i friluftsområder – markering av 70 årsjubileum og lansering av krigsminneregistrering
Kr 10.000	Innsamling og arkivering av hyttebøker og turpunktbøker
Kr 40.000	Ord i spreke spor - kople fysisk aktivitet til natur-, kultur-, og litteraturopplevingar
Kr 20.000	Kunst i landskap – omvisning i landskapskunstprosjekt

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 29.01.2015

### Bakgrunn

I samband med Friluftslivets år 2015 vart det i Fylkestinget 9. og 10. desember 2014 vedteke å løyve kr 400.000 til dette arbeidet i Hordaland: *Friluftslivets år feires i 2015. Det er naturlig med en fylkeskommunal medvirkning til markering av året i et folkehelseperspektiv.*

FÅ15 er forankra i Regional kulturplan 2015-2025 Premiss: Kultur s. 63: «Friluftslivets år 2015 gir ei moglegheit til å sette fokus på all den positive aktiviteten som finst rundt om i fylket. Målet er at Friluftslivets år skal gi varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga og vere med på å gi friluftslivet auka merksemd. Prioritert målgruppe er barn, unge og barnefamiliar.» Det er ei særleg satsing på nærmiljø og kulturminner.

Fylkeskommunen gjer allereie ein brei innsats med å legge til rette for friluftsliv gjennom m.a. planarbeid, bidra til sikring og opparbeiding av friluftslivsområder, deltaking i Vestkystparken, merking og gradering av turløyper, informasjon om kulturminner i naturen, kopling av fysisk aktivitet til natur-, kultur-, og litteraturopplevingar, friluftslivsbasert turisme og stimulere til eigenorganisert og organiserte aktivitetar i regi av ulike organisasjonar.

Fylkeskommunen forvaltar statlege tilskotsmidlar frå ulike departement og samordnar desse med fylkeskommunale og private tilskotsordningar. Fleire av desse kan til ei viss grad spissast mot markeringa av FÅ15 (i stor grad bunde opp av eigne retningslinjer). Relevante tilskotsordningar:

- A. Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. (Kr 90 millionar i 2014). Friluftsliv har vore prioritert sidan 2007. Fordeling av spelemidlar kjem som sak til KURE 13. mai.
- B. Midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde (Kap. 1420 post 78) (kr 4 mill. i 2014) Målet med ordninga er å medverke til naturvennleg fysisk tilrettelegging og skjøtsel i statleg sikra friluftsområde slik at områda blir tilgjengelege og attraktive. Sak til KURE i 17. april.
- C. Tilskot til friluftslivsaktivitet (Kap. 1420 post 78) (kr 820.000 i 2014) Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga. posten er styrka i år pga. friluftslivets år 2015. Sak til KURE i 17. april.
- D. Tilskot til lokale friluftstiltak (kr 400.000) Sak til KURE i 17. april.
- E. Tilskot til barne- og ungdomstiltak knytt til fysisk aktivitet og idrett (kr 900.000). Kommunar, lag og organisasjonar kan søke om støtte til lokale aktivitetstiltak med overføringsverdi til andre. Sak i KURE 17. april.
- F. Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder (HFK har for 2015 sett av kr 428.000 som vert nytta til eigenfinansiering i søknad om statlege midlar). Målet er at alle kommunar skal ha kartlagt og verdsett sine viktigaste friluftslivsområder innan 2018. Sak til KURE 13. mai.
- G. Midlar til gradering og merking av turløyper i samhandling mellom kommunar og organisasjonar (For 2015 kr 2.240.000 til fordeling, av desse HFK kr 400.000 og Gjensidigestiftelsen kr 1.470.000) Melding om fordeling til KURE 13. mai.
- H. Kulturminner – BARK (Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminner)

Søknader med satsing på nærmiljø og kulturminner vil bli prioritert. Seksjonane for idrett og friluftsliv og kulturminnevern og museum vil samarbeide om satsingane på kulturminner og friluftsliv.

### Organisering av FÅ15 i Hordaland

Hordaland fylkeskommune tek ei koordinerande rolle for arrangement og aktivitetar i Hordaland. Det er oppretta ei nettside under fylkeskommunen si hovedside, som skal informere om aktivitet på ulike nivå. Det vil ikkje bli stor eigenaktivitet, men samarbeid på basis av initiativ frå lokale og regionale aktørar t.d. kommunar, regionar, institusjonar, frivillige lag og organisasjonar.

Det er viktig å satse på tiltak som kan vere levedyktige, også etter Friluftslivets år 2015, for å skape grunnlag for ei varig verdiskaping på friluftsfeltet. Gode eksisterande tiltak bør løftast fram og bli synleggjort, og vurdert sett inn i ein større samanheng. Eit tett samarbeid med kommunar, friluftsråd, frivillige

organisasjonar, institusjonar og private er avgjerande for å lukkast. I planleggingsfasen så langt er alle kommunane, Bergen og Omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest, Bergen og Hordaland Turlag, Forum for Natur og Friluftsliv og Hordaland idrettskrets inspirert og utfordra til å sende idear og planar på tiltak i FÅ15 til fylkeskommunen. Desse vil bli samanstilt i eit årshjul og nokre arrangement framheva med regional tydnad. Den store variasjonen i tiltaka – frå sikring av nye friluftsområder, tilretteleggingsarbeid med t.d. merking av turløyper, strandryddedagar, skulesatsing, kulturformidling, til arrangement for fleirkulturelle – er viktige å synleggjere. Organisasjonsavdelinga har teke på seg ansvaret for kommunikasjonsarbeidet knytt til FÅ15. Andre avdelingar er også utfordra i høve til si moglege rolle i FÅ15.

### **Vurdering**

Fylkesrådmannen foreslår å støtte opp under det breie arbeidet knytt til friluftsliv lokalt og å gjennomføre tverrsektorielle satsingar forankra i Regional Kulturplan 2015-2025, ved å fordele tildelte midlar til FÅ15 på følgjande tiltak:

1. Kr 200.000 til å styrke den fylkeskommunale tilskotsordninga Lokale friluftstiltak (i dag kr 400.000). Ordninga har søknadsfrist 15. februar og midlane vert fordelt av KURE 16. april. Lag/organisasjonar og kommunar kan søke kr 5.000-40.000 i tilskot til kvart tiltak med krav om 50% eigne ressursar.
2. Kr 30.000 til kåring av Hordaland sitt beste friluftsområde. På bakgrunn av oppmoding frå Klima- og miljødepartementet til alle ordførarar om å kåre det beste friluftsområde i kvar kommune, så foreslår rådmannen at kommunane vert invitert til ei kåring av det beste friluftsområde i fylket. KURE vil få ei sak om retningslinene og forslag til deltagarar og mandat for jury.
3. Kr 40.000 til kjenn ditt landskap – digital formidling av kulturopplevingar basert på erfaringar frå RallarApp. Desse midlane vert nytta saman med statlege midlar til føremålet. Tanken er å gjere gode kulturopplevingar tilgjengeleg slik at forventningane til eit yngre publikum blir møtt. Dette vil også gjere det enklare for menneske med nedsett funksjonsevne å oppleve nærlandskapet sitt.
4. Kr 60.000 til krigsminner i friluftsområder – markering av 70 årsjubileum med m.a. lansering av krigsminneregistrering.
5. Kr 10.000 til innsamling og arkivering av hyttebøker og turpunktbøker. Det finst lite av denne type dokumentasjon i felles arkiv. Rådmannen ønskjer i FÅ15 å sette i verk eit prosjekt basert på erfaringar frå Rogaland.
6. Kr 40.000 Ord i spreke spor. Med bakgrunn i eit prosjekt i Sund kommune skal det arrangerast turne i biblioteka for å formidle fysisk aktivitet til natur-, kultur- og litteraturopplevingar.
7. Kr 20 000 til formidling og tilrettelegging av turar knytt til prosjektet Kunst i landskap Hardanger – «Mellan Himmel og Fjord. SJÅ!». Dette regionale kunstprosjektet har fått støtte gjennom Kulturelt utviklingsprogram, og opna i fjor med kunstinstallasjonar i naturen i 4 områder/kommunar i Hardanger. Økonomien i prosjektet er stram og knytt til sjølve kunstproduksjonen, og desse midlane vil gje dei høve til å arrangerer tilrettelagde turar med kunstguide i desse områda.

